

MØTEPROTOKOLL – KONTROLLUTVALET I DOVRE KOMMUNE

Møtedato	Tid	Møtestad
Onsdag 9. oktober 2024	Kl. 08.30-13.30	Toftemo turiststasjon

Til stades på møtet:

Medlemmar:	Stine Heyerdahl Sveen (leiar), Magne Lunde (nestleiar), Guri Ruste , Hans-Jacob Dahl.
Varamedlemmar:	Gunvor Gauteplass (for Greta Helene Talleraas)
Andre:	Elin Marit Andgard, sekretær i SKNG

Saker som vart handsama:

Sak 19/24	Plan for forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll 2025-28
Sak 20/24	Budsjett-25 for kontrollutvalet
Sak 21/24	Uavhengigheitsvurdering frå regnskapsrevisor
Sak 22/24	Protokoll og referatsaker

Andre opplysningar:

Møteinnkalling:	2. oktober 2024
Møteleiar:	Stine Heyerdahl Sveen
Referent:	Elin Marit Andgard, SKNG

Underskrift:

Vi stadfester med vår underskrift at det som er ført i saksnummer 19-22/2024 er i samsvar med det som vart vedtatt i møtet.

Stine H. Sveen *Hans-Jacob Dahl*
Magne Lunde *Gunvor Gauteplass*

Utskrift:

Protokoll fra kontrollutvalsmøtet går til: Kommunen, kontrollutval-medlemmer, Innlandet Revisjon IKS og SKNG si heimeside.

Møtedato:	Journalnr.:	Saksnr.:	Saksbehandler:
9. oktober 2024	257/24	19-22/2024	Elin Marit Andgard, SKNG

Godkjenning av innkalling og sakliste

Innkalling og sakliste er godkjent.
Guri Ruste har meldt gyldig forfall.

Sak 19/24 Plan for forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll 2025-28

Vedlegg

- Plan for forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll 2025-2028 - utkast
- Risiko- og vesentlegvurdering (ROV)

Saksopplysningar

Kontrollutvalet skal i løpet av fyrste året etter konstituering, lage ein plan for forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll. Kommunestyret handsamer planen etter forslag fra kontrollutvalet, og kan gje utvalet fullmakt til å endre planen.

Kontrollutvalets vedtok i sak 4/24 prosess (metode og opplegg) for å utarbeide plan for forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll. Utkast til vedlagte plan er laga av sekretariatet og bygger på kontrollutvalets prioriteringer ved handsaming av ROV-en.

For meir informasjon blir det synt til vedlagte plandokument.

Kommunedirektøren skal ha høve til å gje uttale før kontrollutvalet handsamer saker som skal oversendast til kommunestyret (jfr. kommuneloven § 23-5). Planen er oversendt kommunedirektør samstundes med innkalling og uttale blir lagt fram i møtet.

Vurderingar

Sekretariatet tilrår at kontrollutvalet gjer sine endelege prioriteringar i møtet og sluttar seg til vedlagte plan. Dersom område/tema i vedlagte plan blir endra i møtet, vil planen bli oppdatert før den blir oversendt kommunestyret for handsaming.

Forslag til vedtak

Kontrollutvalet sluttar seg til forslag til plan for forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll 2025-2028 med dei endringer som kom fram i møtet.

Kontrollutvalet legg fram plan for forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll 2025-2028 for kommunestyret med fylgjande

INNSTILLING

1. Kommunestyret vedtek plan for forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll 2025-2028 og sluttar seg til kontrollutvalets valg av tema i planen
2. Kommunestyret gjev kontrollutvalet fullmakt til å gjere endringar i planen.

Handsaming

Etter kommuneloven § 23-5 skal kommunedirektøren ha høve til å gje uttale før kontrollutvalet handsamer saker som skal oversendast til kommunestyret.

Rådmannen har gjeve fylgjande uttale til planen:

Dette er ok.

Utvalet gjekk gjennom utkast til planen og gjorde endringar som er tatt inn i planen. Vedtaket var samrøysta.

Vedtak

Kontrollutvalet sluttar seg til forslag til plan for forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll 2025-2028 med dei endringer som kom fram i møtet.

Kontrollutvalet legg fram plan for forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll 2025-2028 for kommunestyret med fylgjande

INNSTILLING

1. Kommunestyret vedtek plan for forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll 2025-2028 og sluttar seg til kontrollutvalets valg av tema i planen
2. Kommunestyret gjev kontrollutvalet fullmakt til å gjere endringar i planen.

Sak 20/24 Budsjett-2025 for kontrollutvalet

Saksopplysningar

"Kontrollutvalget skal utarbeide forslag til budsjett for kontrollarbeidet i kommunen. Forslaget skal følge innstillingen til årsbudsjettet etter kommuneloven § 14-3 tredje ledd til kommunestyret." (Forskrift om kontrollutvalg og revisjon § 2)

Departementet har gjeve fylgjande merknader til § 2:

"Den gir kontrollutvalget rett og plikt til å utarbeide forslag til budsjett for kontrollarbeidet i kommunen eller fylkeskommunen. I uttrykket kontrollarbeidet inngår da utgifter til kontrollutvalget, kontrollutvalgssekretariatet og revisjonen.

Kontrollutvalgets forslag skal følge innstillingen om årsbudsjett, som går fra formannskapet til kommunestyret eller fylkestinget. Som en del av sin helhetlige budsjettinnstilling, tar formannskapet selv stilling til hvordan det mener budsjettet for kontrollarbeidet bør være. Kontrollutvalgets budsjettforslag følger uendret saken. Det skal være klart og tydelig for kommunestyret hva kontrollutvalget har foreslått. At forslaget skal følge innstillingen betyr også at kommunedirektøren ikke har adgang til å gjøre endringer i kontrollutvalgets forslag underveis i prosessen."

I fylgje kommuneloven § 23-2 skal kontrollutvalet sjå til at det blir utført rekneskapsrevisjon, kontroll med den økonomiske forvaltninga, forvaltningsrevisjonar av kommunen sin verksemd og selskaper som kommunen har eigarinteresser i samt

eigarskapskontroll. Loven seier også at kommunestyret skal sørge for at kontrollutvalet får sekretariatsbistand som tilfredstiller utvalets behov.

Budsjettforslag

Budsjettet må gje rom for at kontrollutvalet kan utføre kontrollansvaret sitt. Det er viktig at budsjettet også tek høgde for at kan oppstå uventa situasjoner, t.d. mediasaker, førespurnader og innspel frå revisjonen som kontrollutvalet må fylgje opp.

Kontrollutvalets drift

I denne posten er utvalets møteutgifter og utgifter til kurs/opplæring for medlemmene. For å gjere eit godt fagleg arbeid, må medlemmer og varamedlemmer få naudsynt opplæring og være fagleg ajourhold. Det er viktig at mange kan delta på ei årleg konferanse for kontrollutval. Slike samlingar gje kunnskap og erfaringsutveksling og bidreg til eit godt fagleg grunnlag og motivasjon.

Møtegodtgjering	kr	12.000	Fem møter i året
Tapt arbeidsforteneste	kr	15.000	
Arbeidsgjevaravgift	kr	2.000	
Reiseutgifter	kr	5.000	
Møter, konferanser	kr	40.000	1 konferanse årleg pr. medlem (NKRF/FKT)
Møteutgifter (servering m.m.)	kr	3.500	Enkel servering
Kontingent FKT	kr	3.500	Forum for kontroll og tilsyn
<u>Uforutsette utgifter</u>	kr	<u>3.000</u>	
Sum kontrollutvalets drift	kr	84.000	

Kontrollutvalssekretariatet (SKNG)

Kommunen deltek i det interkommunale samarbeidet Sekretariatet for kontrollutvala i Nord-Gudbrandsdal (SKNG). Sekretariatet har ansvar for sakshandsaming for utvalet og tilrettelegging for utvalets arbeid.

Representantskapet for SKNG vedtok budsjett-2025 den 26. september 2024

Lønnsutgifter	1 035 000
Styremøte	3 000
Kurs, reiser, køyregodtgj.	37 400
Husleige	50 500
Kontingenter	28 000
Kontorhald, IKT	40 500
<u>Adm.kostnader</u>	<u>20 000</u>
Sum utgifter	1 214 400
Refusjon fra kommunane	1 214 400

F.o.m. 2024 blir utgiftene for kontrollutvalssekretariatet fordelt med 1/6 pr. kommune etter ny samarbeidsavtale og utgjer i 2025 kr 202.400.

Revisjonen (Innlandet Revisjon IKS)

Kommunen har valgt Innlandet Revisjon IKS som revisor og kontrollutvalet inngår på vegne av kommunen årleg oppdragsavtale for revisjonsarbeidet med stipulert ressursbruk for rekneskapsrevisjon, forvaltningsrevisjon/eigarskapskontroll og møtedeltaking. Rekneskapsrevisjon er lovpålagt og skal gjennomførast etter lover, regler og god revisjonsskikk. Kontrollutvalet har ingen påverknad på omfanget utover å bestille meir enn det lovpålagte.

Oppdragsavtale med IRev har 701 timar fordelt på:

Rekneskapsrevisjon	445 timar	inkl. attestasjonar, veiledning
Forvaltningsrevisjon	241 timar	inkl. eigarskapskontroll
Møter	15 timar	møter i kontrollutval og kommunestyre

Timesatser for 2025 er stipulert til kr 1250,- for rekneskapsrevisjon og kr 1380,- for forvaltningsrevisjon og møter. Alle satser er med førehald om godkjenning av representantskapet i Innlandet Revisjon IKS 16. oktober 24.

Kjøp av revisjonstenester kr 909.530.

Vurderingar

Sekretariatet meiner at det foreslåtte budsjettet er nøkternt og at det er naudsynt for at kontrollutvalet skal kunne utøve ansvaret sitt. Dersom kommunestyret vedtek ei anna budsjетtramme, må utvalet revidere budsjettet på fyrste møte i 2025.

Forslag til vedtak

Kontrollutvalet foreslår kr 1.195.930 som total budsjетtramme for kontrollarbeidet i kommunen i 2025 med fylgjande fordeling:

- Kontrollutvalets drift 84.000 kr
- Kontrollutvalssekretariatet (SKNG) 202.400 kr
- Revisjonen (Innlandet Revisjon IKS) 909.530 kr

Handsaming

Kontrollutvalet sette fram fylgjande omforeinte endringsforslag:

- Timar til forvaltningsrevisjon blir auka til 300 timer. Revisjonsutgifter kr 990.950.
- Kontrollutvalets drift blir auka til 125.000 kr med fylgjande postar:

Møtegodtgjering	kr	21.000	6 møter i året
Tapt arbeidsforteneste	kr	30.000	6 møter, gj.snitt 4 t pr møte
Arbeidsgjevaravgift	kr	4.000	
Reiseutgifter	kr	10.000	Tog t/r konf. 5 personer
Møter, konferanser	kr	48.000	1 KU-konf. årleg pr. medlem
Møteservering m.m.	kr	5.000	
Kontingent FKT	kr	4.000	Forum for kontroll og tilsyn
Uforutsette utgifter	kr	3.000	(t.d. fellesmøte heildag m/lunsj)

Bakgrunn for utvalets endringsforslag var m.a.:

- Auka tidsramme til revisjon gjev rom til ein årleg forvaltningsrevisjon eller fleire, mindre kontrollar.
- Utvalet ynskjer å ha 6 møter i året for betre kontinuitet og tid til å handsame sitt kontrollansvar.
- Kursbudsjett som gjer det mogleg å delta på ein årleg konferanse.

Vedtaket var samrøysta.

Vedtak

Kontrollutvalet foreslår kr 1.318.350 som total budsjetttramme for kontrollarbeidet i kommunen i 2025 med følgende fordeling:

- Kontrollutvalets drift 125.000 kr
- Kontrollutvalssekretariatet (SKNG) 202.400 kr
- Revisjonen (Innlandet Revisjon IKS) 990.950 kr

Sak 21/24 Uavhengighetsvurdering frå regnskapsrevisor

Vedlegg

- Vurdering av oppdragsansvarlig regnskapsrevisors uavhengighet for Dovre kommune

Saksopplysningar

Kontrollutvalets ansvar overfor revisjon følger av forskrift om kontrollutvalg og revisjon:

§ 3. *Kontrollutvalgets oppgaver ved regnskapsrevisjon*

Kontrollutvalget skal holde seg løpende orientert om revisjonsarbeidet og påse at regnskapsrevisjonen blir utført av revisorer som oppfyller kravene i kap. 2 og 3.

I fylgje Kommuneloven § 24-4 skal revisor være uavhengig og ha godandel. Nærare krav til revisor finn i forskrift om kontrollutvalg og revisjon §§ 16-19.

Forskrift om kontrollutvalg og revisjon

§ 19 *Krav til eigenvurdering av uavhengighet:*

"Den som utfører revisjon eller annen kontroll for en kommune eller fylkeskommune skal løpende vurdere sin uavhengighet. Oppdragsansvarlig revisor skal hvert år, og ellers ved behov, gi en skriftlig eigenvurdering av sin uavhengighet til kontrollutvalget."

Regnskapsrevisor Astrid Haga har gjeve eigenvurdering av sin uavhengighet til kommunen.

Vurderingar

I fylgje eigenvurderinga er regnskapsrevisor uavhengig i forhold til Dovre kommune.

Forslag til vedtak

Kontrollutvalget tek uavhengighetsvurdering frå regnskapsrevisor i Innlandet Revisjon IKS til orientering.

Handsaming

Vedtaket var samrøysta.

Vedtak

Kontrollutvalget tek uavhengighetsvurdering frå regnskapsrevisor i Innlandet Revisjon IKS til orientering.

Sak 22/24 Protokoll og referatsaker

Møteprotokoll 16. september 2024

Utsendt 25. september 24. Sekretariatet har ikkje mottatt nokon merknad.

Referatsaker

- Innlandet Revisjon IKS:
 - Revisors attestasjonsuttalelse om etterlevelse i økonomiforvaltningen – oppstilling av kapitalvarer og dokumentasjon på bruk av kapitalvarer
 - Nummerert brev nr 1 – forenklet etterlevelseskontroll 2023
 - Kundebrev 1/24 vedr. forenkla etterlevelseskontroll
- Representantskapsmøte i SKNG 18. og 26. september 24
- Statusrapport 2. tertial 2024 frå Innlandet Revisjon IKS

"Bernt svarer"

Spørsmål og svar fra spalten "Bernt svarer" i Kommunal rapport i perioda 24.6-30.9.

Opplæring

Tema: Henvendinger til kontrollutvalet

Forslag til vedtak

1. Protokoll frå kontrollutvaldsmøte 16. september 2024 er godkjent.
2. Forenkla etterlevelseskontroll av økonomiforvaltninga blir tatt opp som eigen sak i neste møte med revisor til stades.
3. Referatsaker er teke til orientering.

Handsaming

Vedtaket var samrøysta.

Vedtak

1. Protokoll frå kontrollutvaldsmøte 16. september 2024 er godkjent.
2. Forenkla etterlevelseskontroll av økonomiforvaltninga blir tatt opp som eigen sak i neste møte med revisor til stades.
3. Referatsaker er teke til orientering.

Ope post

Spørsmål og samtale om:

- Valbarheit til kontrollutvalet og habilitet
- Journalføring/arkiv i kommunen